

Fagfelleurdert/ Peer reviewed article

Då utmarka fekk grunnrenteverdi: om korleis ei meir aktiv forvaltning av grunnrenta frå utmarksressursane kan bidra til sosial berekraft mellom sentrum og periferi

Eirik Magnus Fuglestad

Forskar ved Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning

eirik.m.fuglestad@ruralis.no

Engelsk tittel

Ground rent from the Norwegian outfields and social sustainability in centre-periphery relations

Samandrag

Den norske utmarkshistoria har døme på korleis grunnrente har vore fordelte både som rettar til bruk, og som pengeverdiar. Det mest kjende døme er forvaltninga av fossekrafta slik den kom i stand fram mot 1917. Men også bureisinga som toppa seg på 1930-talet, Fjellova av 1920 og Jordlova av 1928 kan sjåast i denne samanhengen. Dette var grunnrente delt som rettigheter til bruk av ressursane. Meir vanleg i dag er å sjå grunnrente som ein pengeverdi som kan skattleggjast, slik som det etter no er ved vasskraft, og som regjeringa har føreslått det skal bli på vindkraft og oppdrett. Ei framtidig forvaltning av utmarka må ha deling av grunnrenteverdien frå utmarksressursane som prinsipp dersom me skal gjennomføra eit sosialt berekraftig grønt skifte, der ulikskap mellom sentrum og periferi blir bøta på. Dette bør vera grunnrente forstått både som bruksrettar til naturressursar og som pengeverdi, slik at grunnrente kan bli eit breitt verktøy som kan sørgja for at verdiane frå naturressursane i større grad kan bli att i kommunane der dei ligg. Dette kan bidra til større kjensle av rettferd i utmarkskommunar i periferien ovanfor sentrum, til betre kommuneøkonomi i utmarkskommunar, og til at me verdsett naturressursane i større grad.

Nøkkelord

Grunnrente, Sosial berekraft, Det grøne skiftet, Naturressursforvaltning, Sentrum-periferi, Henry George

Abstract

Norwegian history has examples of how ground rent has been distributed both as a right to use and as monetary value. The most famous example is the regulation of hydropower as it was established in 1917. But the initiatives to clear new farmland in the outfields throughout the first decades of the 20th century, the mountain law of 1920 and the land law of 1928 can be seen as examples. It is common today to see ground rent as a monetary value that can be taxed, as the government has proposed for wind power and aquaculture. Future management of the natural resources should have distribution of ground rent as a principle if we are to carry out a socially viable green transition, where inequalities between center and periphery are to be mended. Ground rent should be understood both as rights of use to natural resources *and* as monetary value, so that it can become a broad tool to ensure that values from natural resources can be distributed to the municipalities where they are located. This can also contribute to a greater sense of justice in communities in the peripheries, to better municipal finances, and to a greater appreciation of the natural resources.

Keywords

Ground rent, social sustainability, the green transition, natural recourse management, centre-periphery relations, Henry George

Det grønne skiftet og sviktende sosial berekraft kring utmarksressursane

Den seinare tida har den norske utmarka blitt sentrum for ei rekke interessekonfliktar som grunnar i auka merksemd og auka bruk av dei store arealressursane som ligg i utmarka. Utmarka er i ferd med å verta ein av dei sentrale ressursleverandørane for det grønne skiftet i Noreg; grunnressursen i ein grøn og berekraftig økonomi. I denne artikkelen skal eg sjå på korleis den eine av dei tre berekraftspilarane (Purvis, et al., 2019) - den sosiale berekrafta - i norsk utmarksforvaltning kan betrast gjennom å sjå på det som kallast «grunnrente» frå naturressursane i utmarka.

Det har vore ei stigande misnøye kringom i bygde-Noreg dei seinare fem-seks åra, det som vart kalla «distriktsopprøret», der sentrum-periferi dimensjonen i norsk politikk har vorte aktivert (Almås & Fuglestad 2020). Dette talar for at den sosiale berekrafta i mange utmarks- og distriktskommunar er sviktande, og dette kjem tydeleg fram i utmarka; vere det seg vindkraftutbygging eller rovdyrpolitikken (Otte et al., 2018; Zhal-Thanem et al., 2020), men også på eit meir generelt nivå i den overordna landbruks og distriktspolitikken som råkar utmarka (Flemsæter & Flø, 2021; Flø, 2021; Vik, 2020). Det er her tale om mange forskjellige slag problem og utviklingar, og det er ikkje lett å peika på berre *ei* sak eller *eit* problem som skapar sviktande sosial berekraft. Dette heng saman med at det ikkje finnast noko samlande teori eller ein enkel definisjon av sosial berekraft, tvert om kan sosial berekraft omfatta svært mykje forskjellig (Hale et al., 2019). Nokre sentrale tematikkar for sosial berekraft kan me likevel identifisera, og ein av desse er det me kan kalla *rettferd*. Dette inkluderer fordeling av økonomiske ressursar så vel som naturressursar, makt og fridom og fordeling av byrdar og gode, og rettferd på tvers av generasjonar, kjønn og klasse (Eizenberg & Jabareen, 2017; Holden & Linnerud, 2021). Sosial berekraft bør altså som eit minimum handla om rettferdig fordeling.

I den norske utmarkskonteksten er særleg fordeling av naturressursar relevant å sjå på, ikkje minst fordi naturressursane i utmarka og grunnrente har fått auka merksemd i samband med det grønne skiftet. Grunnrente har spesielt fått ny relevans etter att regjeringa Støre i september 2022 føreslo å innføra grunnrenteskatt på lakseoppdrett og for vindkraft på land, samt auka grunnrenteskatt for vasskraft. Argumentet for å gjera dette, gjekk mykje på prinsipp om rettferd. Som Statsministeren sa; «verdiene som kommer fra naturressursene våre, må fordeles mer rettferdig enn i dag [...] kraftprodusentene og havbruksnæringen tjener milliarder på våre felles ressurser» (Regjeringen, 2022). Statsministeren var ikkje eksplisitt inne på rettferd til dei norske distrikta eller til periferien, men saka er jo at ressursane han nemner ligg i utmarka i distrikta. Flø (2018; 2020) har tidlegare peika på at nett kjensla av urettvis behandling frå staten eller frå elitane i sentrum har stått sentralt i distriktsmisnøya me har sett. Aasjord (2020) har skrive om det ho meiner er ein aukande ulikskap mellom distriktskommunar og bykommunar når det gjeld verdi og pris på bustader. Medan Teigen (2020) har vist at dei distriktspolitiske løyvingane har gått ned dei siste 30 åra. Denne artikkelen tek til orde for at fordeling av grunnrenta frå utmarka kan bidra til meir rettferdig fordeling av verdiar til utmarks- og distriktskommunar, og dimed til sosial berekraft i distrikta.

Dersom grunnrente i større grad blir att i utmarkskommunane eller brukt på distriktspolitikk, vil det kanskje kunna skapa betre kommuneøkonomiar, og ei kjensle av at kommunane i større grad får noko att når ressursane i kommunane blir nytta. Dersom forskjellige typar grunnrenteregime frå dei forskjellige eigeomsformene i utmarka kan bidra til å fordela verdiane frå utmarksressursane til folk som bur i utmarks- og distriktskommunar, kan det bidra til at forholdet mellom sentrum og periferi opplevast som meir rettferdig. Eit siste punkt er å få fram korleis grunnrente kan vera eit verktøy til å høgare verdsetja den tradisjonelle utmarksbruken, slik som beitebruk. På denne måten kan grunnrente bli eit breitt verktøy til fordeling av både verdiar og rettar frå utmarksressursane våre. Av ressursane i utmarka har det fram til no berre vore vasskrafta som har vorte eksplisitt gjenstand for grunnrentefordeling. Ei meir konsekvent grunnrentefordeling på forskjellige måtar, og frå fleire av ressursane i utmarka, bør diskuterast som eit verktøy mot framtidig auka økonomisk ulikskap, og mot auka økonomisk marginalisering av dei norske distrikta.

På eit overordna nivå handlar dette om å ta omsyn til korleis akkumulasjonsstrukturane i kapitalismen påverkar den sosial berekrafta i utmarkskommunane gjennom det grøne skiftet. Feola (2020) har argumentert for at kapitalismen knapt har vore studert innafor litteraturen som tek føre seg berekraftige overgangar (såkalla «transitions») til det grøne skiftet. Når det er snakk om stadbundne naturressursar, vil ei aktiv deling av grunnrente kunna spela positivt inn fordi å fordela grunnrente handlar om å fordela nett den verdien som skriv seg frå naturressursane. På eit overordna nivå i norsk historie har ein slik fordelande politikk truleg også vore viktig for utviklinga av eit robust norsk demokrati med stor tillit og brei deltaking (Vik et al., 2022; Vike, 2012), slik som me kjenner den frå Francis Sejersted sin «demokratiske kapitalisme» (Sejersted 2002). I framtida kan ei fordeling av grunnrente bidra til at det framleis blir slik, dersom det vert gjort på ein måte som har aksept hjå breie lag av folket.

Klassiske forståingar av grunnrenta

Klassisk økonomi såg grunnrente som ein verdi som oppstår under visse marknadsforhold, og grunnen til at grunnrente kan oppstå som verdi i marknaden er at den kjem frå ein avgrensa naturressurs som det ikkje kan lagast meir av (Brigham & Moses, 2021). Den som har tilgang til naturressursen får i bestemte situasjonar ut ein meirverdi ut over vanleg marknadspris etter at avkastning på kapital og løn for arbeid er teke ut. Det vanlege er då å sjå grunnrenta som eit uttrykk for det som den engelske økonomiske tenkjaren David Ricardo kalla «the original and indestructible powers of the soil» (Ricardo, 2001 [1817]., s. 40). Det vil seie at grunnrenta er forstått som ein verdi som skriv seg frå kvaliteten på jorda eller naturressursen. Dette kan sjåast i eit samanliknande perspektiv, slik at grunnrenta blir ein differanseverdi. Då blir grunnrenta den meirverdien du får av å leggja ned arbeid og kapital i ein produktiv naturressurs mot det å leggja ned same mengde arbeid og kapital i ein mindre produktiv naturressurs. Det er viktig å understreka at grunnrenta her forståast som ein pengeverdi som trer fram etter at kapital og arbeid er vorte honorerte; grunnrenta blir då ein ekstraprofitt eller ein superprofitt som ein får utover avkastning på arbeid og kapital.

Ein slik type meirverdi som grunnrenta representerer i marknaden kan ikkje monopoliserast eller takast opp av enkeltindivid eller bedrifter utan at eigedomsretten fangar inn denne meirverdien. Dette er eit sentralt poeng i Marxistisk forståing av grunnrente – denne meirverdien som eigar av ein naturressurs kan oppnå i den kapitalistiske marknaden kan ikkje forståast som anna enn som eit resultat av samspelet mellom marknad, arbeid, kapital og eigedomsretten til jorda. I siste instans er det eigedomsretten eller anna eksklusiv tilgang til jorda/ressursane som gjer at noko av verdien fell til eigar av jorda, og det er også avgrensinga ved eigedom som gjer at monopol og knappheit ofte oppstår. I dette høve kan me snakka om monopolrente og absolutt rente (Ramirez, 2009). For Marx er det eit særleg viktig poeng at grunnrenta ikkje er noko som formeleg veks opp frå jorda. Marx spør retorisk og ironiserande i Kapitalen bind 1: «Hvor lenge siden er det at den fysiokratiske illusjonen forsvant, som sa at grunnrente vokser opp av jorda, og ikke ut av samfunnet»? (Marx, 2021[1867]., s. 99). Ikkje særleg lenge sidan, hevda Marx, og han meinte at det er ein sjølvsgatt ting at grunnrente, som all anna borgarleg økonomi, er ein sosial relasjon (Mau, 2021).

Ottar Brox sine grunnrentetankar og økologisk økonomi

Sist på 1980-talet sette Ottar Brox fram nokre grunnrenterefleksjonar. Brox skriv om det han kalla «samfunnsmessig grunnrente» (Brox, 1989., s. 14), og talar vidare om at grupper eller lokalsamfunn kan leva av å «høste grunnrente» (Brox, 1989., s. 20). Eg tolkar Brox dit at grunnrenta då også kan forståast som det levebrødet eller den avkastninga som naturen gir gruppa eller lokalsamfunnet. Det synet han legg fram på grunnrenta kan delvist sjåast i ein anna tradisjon enn den frå Ricardo og Marx. Der tradisjonen frå Ricardo og Marx set grunnrenta fram som ein differanse i marknadsverdi, eit relasjonelt fenomen, noko som oppstår i forskjellige marknadsrelasjonar eller samfunnsforhold, kan me seie at dette andre synet på grunnrente ser den som ein ibuande naturverdi. Som Brox skriv: «Grunnrente [...] refererer altså til selve kvaliteten ved naturressursen, enten denne kvaliteten kommer til uttrykk i markedet eller ikke» (Brox, 1989., s. 18).

Grunnrenta finnast ikkje her berre som ein ekstraprofitt i marknaden, men er ein verdi som uansett ligg i naturressursen fordi den har verdi for menneska. Denne verdien kan sjølvsagt også akkumulera som kapital.

Utan å dra for mange parallellar, så kan me seie at dette synet har likskapar til dei første moderne økonomane, fysiokratane, som var verksame på andre halvdel av 1700-talet (Cyzewski & Polcyn, 2016; Gomez -Baggethun & Naredo, 2015). Fysiokratane meinte at den meirverdien som kom frå å bruka naturen var den einaste reelle verdiskapinga i eit samfunn. Med bakgrunn i dette kan grunnrente sjåast på som den unike verdien som ein naturressurs har i seg. I nyare tid har Cyzewski og Polcyn (2016) argumentert for eit liknande syn, der dei meiner at naturressursar som jordbruksjord og beiteareal burde ha ein svært høg grunnrenteverdi sidan dei er avgrensa og essensielle og kan gi nærast uvurderlege økosystemtenester dersom dei er drive berekraftig. Likevel kjem ikkje denne verdien per i dag til uttrykk i marknaden. Dette kan koplata på det akademiske feltet økologisk økonomi, som også i mange samanhengar snakkar om verdiane som naturressursane har uavhengig av kva verdi dei har i marknaden (Vatn, 2021). Den kjende økonomen Mariana Mazzucato har også på liknande vis argumentert for korleis verdi er og kan vera noko anna enn rein marknadspris (Mazzucato, 2018). Grunnrente treng altså ikkje vera uttrykt i ein pengeverdi. Dette vart peika på alt for over 100 år sidan av den Norske akademikaren Wilhelm Keilhau:

Grundrenten [...] kan fremkomme i et samfund med naturalhusholdning som i samfund med pengehusholdning, i en kapitalistisk så vel som en kollektivistisk stat. I naturalhusholdningen fremkommer den i produkt, i pengesamfunnet bestaar den for en del i penge og maa i sin helhet beregnes i penge. I en kapitalistisk ordnet stat gir den seg til kjenne som en særlig merværdi de forskjellige samfunnsklasser kjemper om.» (Keilhau, 1916: s. 271).

I nyare akademiske framstillingar her heime har Brigham og Moses (2021) og Fuglestad og Almås (2021) argumentert for at me bør ha eit meir aktivt forhold til grunnrenteverdiane som trer fram i marknaden her i Noreg. Fuglestad og Almås (2021) går særleg gjennom den internasjonale og den norske idehistoria til grunnrentefordeling med vekt på vasskrafta og oljenæringa i Noreg. Denne artikkelen er ei utdjuping og vidareføring av dette som kastar lys på korleis grunnrente og utmark i Noreg heng særleg saman. Eg skal peika på korleis grunnrente frå den norske utmarka har vore fordelt både som rettar til ressursar og som pengeverdier frå marknaden, og argumentera for at også ei framtidig fordeling av grunnrenta frå utmarka vil kunna skapa ei meir rettferdig, og dimed sosialt berekraftig, fordeling av verdiane i ein sentrum-periferi kontekst. Ein artikkel av Beth Stratford har argumentert for at ei offentleg inndraging og fordeling av grunnrente faktisk vil vera heilt essensielt for å skapa rettferdige og sosialt berekraftige samfunn i framtida. Ho snakkar i dette høve om trugsmålet frå «rent extraction» når økonomien ikkje lenger kan vera basert på fossil vekst (Stratford, 2020). Andre har snakka om private bedrifters innhenting av grunnrente som ei form for «value grabbing» frå naturressursane (Andreucci et. al 2017). Det finnast både historiske norske og teoretiske argument for å «sosialisera» (Stratford, 2020) grunnrente frå ressursane slik at dei fell til fellesskapet, anten via reine pengeverdier fordelt til kommune, fylke eller stat, eller som rettigheter til innbyggjarane. Så er det også ein økologisk dimensjon her, som handlar om å anerkjenne den særeigne verdien som naturressursar har.

Kapitalen sin tidsalder i den norske utmarka

«Kapitalens tidsalder» har historikaren Eric Hobsbawm kalla den siste halvdel av 1800-talet (Hobsbawm, 1978). Dette var tida då kapitalismen, denne samfunnsforma der rikdom trer fram som «en uhyre varesamling» (Marx, 2021 [1867]., s. 43), vart dominerande. Historikar Francis Sejersted har hevda at me fekk ein særeigen norsk «demokratisk kapitalisme» utover 1900-talet (Sejersted, 2002). I samtida vart det likevel ikkje regulering av den rørlege kapitalen som vart det viktigaste for det norske samfunnet, i alle fall ikkje heilt direkte. Som Nils Rune Langeland nyleg har vist, har til dømes aksjelova av 1910 ikkje berre kome i skuggen i seinare forskning, den vart også ein «amputert lov» i røynda (Langeland, 2021). Til gjengjeld vart regulering og bruk av naturressursane i landet sett som viktig både i samtida og i ettertida, noko som viser seg i konsesjonslovene for vasskraft (og skog) (1917), i fjellova (1920) og i jordlova av 1928.

Tek me i tillegg med dei offentlege tiltaka for nydyrking og bureising frå same tida, står me att med eit trekløver av prosessar som var sentrale for den norske samfunnsutviklinga i kapitalen sin tidsalder, og som forma den «demokratiske kapitalismen» vår. Det som særmerkte denne samfunnsutviklinga var ikkje så mykje kapitalen i rein form, som det var eigedomsretten til naturressursane. Brorparten av desse ressursane låg i utmarka, og mykje av det unike ved samfunnsutviklinga som skjedde fram mot midten av 1900-talet i Noreg kan tilskrivast eigedomsregima og naturressursane i utmarka. Kapitalen sin tidsalder i Noreg var dimesd like mykje grunnrenta sin tidsalder fordi moderniseringa og nasjonsbygginga vår i stor grad konsentrerte seg kring desse ressursane og verdien som låg i dei.

Det klaraste dømet på denne grunnrentemoderiseringa er konsesjonslovene for fossefall som vart vedtekne gjennom ei rekke lover frå 1906 (den såkalla panikklova) til 1917 (Thue, 2003). Bakgrunnen for dette var potensialet som låg i å utnytta fossekrafta til elektrisitet, som vidare kunne brukast til kraftkrevjande industri i det den andre industrielle revolusjonen nådde Noreg. Noreg hadde dei klimatiske og geografiske gunstigaste forholda i verda for kraftproduksjon frå fossefall, og etter gamalt var det privat eigedomsrett til elver og fossefall her i landet (Sevatdal, 2017). Mange var redde for at desse viktige ressursane skulle koma på framande hender. Dimesd kom det i gang debattar både i det offentlege rommet og i stortinget om kven som hadde retten på fossekrafta, og om korleis verdiskapinga frå utbygginga av desse skulle fordelast. Dette har somme sett som ei form for ressursnasjonalisme eller ei økonomisk nasjonalisme (Dugstad et al., 2016), det er i alle fall klart at dette må sjåast som del av den fornya nasjonsbygginga i Noreg etter 1905 (Fuglestad & Almås, 2021; Slagstad, 1998). På denne tida fekk nasjonsbygginga ein sær eigen vri gjennom det utvida venstreprosjektet der folk som Gunnar Knudsen og Johan Castberg var sentrale aktørar. Dette vart eit sosial og moralsk forankra politisk prosjekt der politikken i mykje større grad enn før skulle ha som oppgåve å bryna seg mot marknadskreftene, og ta stilling til sosiale spørsmål i samband med dette. Som Rune Slagstad har formulert det:

I hvilken grad, og på hvilken måte, kan politiske beslutninger begrense markedets bevegelser? Og i hvilken grad, og på hvilken måte, setter markedsløikken begrensninger for den politiske logikk? (Slagstad, 1998, s. 131).

Konsesjonslovene for fossekraft var ein av dei første sakene der den nye politikken viste seg, og desse lovene hadde ein klar kapitalismekritisk brodd. Tankane bak var truleg i stor grad inspirert av den amerikanske tenkjaren Henry George (Thue, 2003), som er kjend som mannen bak den økonomiske filosofien georgisme. Hovudverket til George, *Progress and poverty* (1879), var det mest leste økonomiske verket på 1800-talet (Blaug, 2000).

Det sentrale omgrepet i George si økonomiske analyse var grunnrente. Her hadde George to grunnleggjande premiss. Det første var at alle grunnressursar i utgangspunktet høyrde alle til. Det andre var at grunnrente måtte sjåast på som ei ufortent inntekt som falt til eigarane av grunnen – ei ufortent akkumulasjon av kapital. Frå desse premissane meisla George ut ein økonomisk teori der ein skatt på grunnrenta skulle bøta på uretten og i prinsippet gjera all profitt som skreiv seg frå eigedom til jord, til felleseige. Desse tankane fekk nedslag i Noreg tidleg på 1900-talet, og då særleg innafor Venstrerørsla og venstrepolitikarane. Venstremannen Viggo Ullman oversatte *Progress and poverty* til norsk alt i 1887, og kulturradikalaren og forfattaren Arne Garborg var stor fan av ideane til Henry George, og det vart stifta fleire såkalla Henry George lag (Thue, 2003; Vikse, 1976). Men, det er politikaren Johan Castberg som gav George sine idear eit varig avtrykk i norsk historie gjennom konsesjonslovene for fossefall. Saman med Venstre sin statsminister Gunnar Knudsen la han eit viktig grunnlag for ei grunnrenteforståing av dei norske fossefalla. Som historikeren Lars Thue skriv: «de to sentrale personene under utformingen av konsesjonsloven [...] hadde en felles oppfatning om samfunnets rett til en andel av grunneiendommens verdøkning» (sitert i Thue, 2003, s. 53). Castberg sa sjølv:

Man tar værdierne ut av distrikterne og fører dem på tråd ned til industricentrene og byerne, tømmer bygdene, tømmer landdistrikterne, særlig fjeldbygdene, får deres værdier uten vederlag og det er absolut uriktig (sitert i NOU 2012: 9, s. 70)

Det var, slik Castberg såg det, «bare rettferdig at denne verdistigning som er skapt ved og av samfundet, tilfaller samfundet» (sitert i Thue, 2003., s. 51). Her ser me også korleis grunnrenta forstått som noko som er sosialt skapt, slår inn.

Det som skjedde var at då utmarksressursane (her fossefalla) over relativt kort tid fekk drastisk mykje større marknadsvardi, gjekk politikarane inn for å sørgja for å regulera ressursane slik at dei kom kommunane til gode via å stilla ei rekke krav til konsesjonane. Den private eigedomsretten måtte delvis vika, slik at verdiane som kunne realiserast ved kraftproduksjon i fossefalla kom fellesskapet til gode. Dette vart stadfesta av høgsterett i 1918 (Slagstad, 1998). Det viktigaste prinsippet var at det norske folket, ved stat, kommune eller fylke, vart sett som den eigentlege eigar av fossefalla. Ei interessant utvikling knyt til dette er korleis synet på grunnrenta frå fossekrafta endra seg frå tidleg 1900-talt og fram til i dag. Thomas Hostad Løding har formulert det slik:

Fra konsesjonslovene ble vedtatt i 1917 og fram til liberaliseringen av elektrisitetsforsyningen i 1990, ble forvaltningsregimet i stor grad rettferdiggjort ved å ta utgangspunkt i elektrisiteten som et offentlig gode og et industripolitisk så vel som sosialpolitisk verktøy. Etter markedsgjøringen behandler derimot den politiske prosessen vannkraften primært som en kilde til finansiell avkastning (Hostad Løding, 2017, s. 367)

I starten vart grunnrenta frå fossefalla realisert mellom anna ved å gi straum som eit offentleg gode til lokalsamfunn og bedrifter, medan grunnrenta, etter liberaliseringa på 1990-talet, vart inndrege via skatt og forstått som ein rein pengeverdi.

Utmarka som «Frontier» og arena for «indre kolonisation»

Henry George si lære hadde teke utgangspunkt i folks rett på tilgang til jord, og nett i samband med jorddyrkinga og bureisinga som skjedde tidleg på 1900-talet i Noreg kan me også snakka om ei realisering av grunnrente frå utmarksressursane på ein måte der grunnrenta ikkje kjem til uttrykk i ein høg marknadsvardi, men som den samfunnsøkonomiske verdien som ligg i sysselsetting og levebrød frå det å ha tilgang til jord. Det er rekna ut at Noreg, i 1907, hadde 5 millionar dekar jord som kunne dyrkast opp, noko som tilsvara ei auke i landbruksareal på 50 prosent (Randen, 2002., s. 33). Ei oppdyrking vart også gjort, gardsbruk vart utvida og nye kome til. Utmarka var lenge ei slags open «frontier» å rekna, slik me kjenner den frå den amerikanske prærien. Slik var det på to måtar, som Ottar Brox har peikar på. For det første var det slik at på mange av dei norske gardsbruka kunne bøndene utvida produksjonen ved å beita og dyrka stadig lenger ut i utmarka: «det spredtbygde Norge kan beskrives som «frontier»: utmarksgjerdet kunne flyttes, og nye viker, øyer og setervoller tas i bruk» (Brox 1989, s. 30-31). For det andre var utmarka ein «frontier», ved at nye gardsbruk vart etablerte (Sevatdal, 2017): «landets «frontier» karakter, med Nord-Norge som et permanent «Dakota» gjennom hundrevis av år, og det forhold at vi hadde så viktige, ikke fullt utnyttede ressurser i allmenningen ... etablerte i en viss grad alternativer til husmanns og tjenestekontrakter» (Brox, 1989., s. 27). Utmarka har slik vore ein ressurs som den store gruppa av små og mellomstore gardbrukarar – ei gruppe som vaks heilt fram til utpå 1950-talet – har kunna støtta seg på ved å etablere nye småbruk i staden for å emigrera eller å søka jobb i industrien. På liknande vis som når Frederick Jackson Turner meinte den stadige ekspansjonen vestover i USA (the frontier) på grunnleggjande vis forma det amerikanske samfunnet, såleis kan me seie at utmarka og allmenningsressursane her heime i stor grad har forma det norske samfunnet på veg inn i moderniteten ved at me har lete verdiane frå dei tilfalla store grupper menneske. Som Ottar Brox har skrive meir nyleg:

Om vi vil forklare hvorfor Norge ikke har pådratt seg større økonomiske ulikheter gjennom industrialiseringsprosessen, er det all grunn til å gå videre med en hypotese som gir den relativt lette adgangen til jord og allmenningsressurser – og -yrkeskombinasjoner – en rolle som kan være minst like viktig som den bevisste omfordeling gjennom skatt og offentlige overføringer. (Brox, 2016).

Sentralt her står det store bureisingsprosjektet som fann stad i frå om lag 1910 til 1950 – landets såkalla «indre kolonisation». Gjennom denne perioden vart både statlege, kommunale og private initiativ for nydyrking og bureising sett i verk, og i denne prosessen vart store utmarksareal teke i bruk. Fram til 1940 vart 15 000 bruk rydda, og i det første tiåret etter andre verdskrig kom 2000 bruk til. Randen (2002) har skrive at dersom det i snitt budde fem personar på kvart bruk, så gav bureisingsbruka heilt eller delvis livsopphald til 100 000 personar. Slik kan me seie at grunnrenta frå jordressursane i utmarka, ved at den faktiske eigedommen frå jorda vart breitt fordelt på det stadig aukande talet av småbrukarar fram mot 1950, vart fordelt. Dette er då ikkje grunnrente som superprofitt i marknaden, men som den «grøda» og levebrødet jorda gav alle dei som levde av jorda. Her er det snakk om samfunnsmessig grunnrente slik Brox brukar det.

Bureisinga var i stor grad, men ikkje alltid og av alle, tufta på ein småbrukartankegang som handla om å gi jord til dei jordlause. Sterkast kom dette til uttrykk i jordlova av 1928 – ei svært radikal lov som la til rette for at alle som ville, skulle kunna få jord til å driva. Prinsipielt sett sa jordlova at landbruksjord måtte sjåast på som ein fellesskapsressurs der privat eigedomsrett delvis måtte vika for kollektive interesser (Almås, 2002; Randen, 2002), nett som konsesjonslovene av 1909 og 1917 sa det same om fossefalla. At det er overlapp her, er ikkje tilfeldig, for Henry George sine tankar om jord- og grunnrente som felleseige hadde nedslag også i småbrukarorganisasjonane i tida fram mot jordlova (Randen, 2002; Vikse, 1976). Og dersom det er Knut Hamsun sin romanperson Isak Sellanraa som er det mest kjende kulturelle uttrykket for bureisaren, så var det forfattarkollegaen Arne Garborg som fronta Henry George sin fordelingsideologi som hadde relativt brei oppslutting i samtida. «Jordi er som vatn, som luft, eit livsvilkår, alle hev rett til jord, som hev rett til liv» skreiv Garborg (sitert i Thue, 2003, s. 51). Også hovudaktøren bak konsesjonslovene for fossekrafta meinte at grunnrentefilosofien til Henry George burde overførast til dei som ville ha jordbruksjord i Noreg. «På bunden av et hvert menneskebryst ligger der og ulmer kravet på ret til at bruke denne jord for alle som vil bruke den» (sitert i Thue, 2003., s. 5), sa Castberg. Difor måtte staten leggja til rette for at dei som ville kunne få jord på rimelege vilkår. Olav Randen har i si framstilling av bureisinga (Randen, 2002) innleiingsvis med nokre kommentarar om Henry George og grunnrentefilosofien hans. Slik får Randen fram den ideologiske tråden mellom grunnrentefilosofien til Henry George, bureisinga og Jordlova av 1928. I denne samanhengen kan også nemnast høg fjellskommisjonen, oppretta 1908, og fjellova av 1920. Kommisjonen skulle fastsetja grenser mellom privat og statleg grunn i høg fjellet i Sør-Noreg, medan Fjellova sa korleis statsgrunnen i høg fjellsområda skulle forvalta og gjaldt statsallmenningane. Viktig i Fjellova var at det vart lagt vekt på lokale tradisjonar og gamle rettigheitar. Der det var statsallmenning vart det oppretta lokale fjellstyre, og elles vart ansvaret for allmenningane lagt til kommunestyra. Vidare vart det lagt vekt på at dei som budde i kommunane som allmenningane omfatta, skulle ha første retten på bruk av ressursane (Angel, 2009; Sevatdal, 2017). Dette kan me også tolka inn i ein grunnrentekontekst, der verdiane frå naturressursane (altså grunnrenta) fell til det lokale fellesskapet.

Grunnrentemoderniteten frå periferien

Prosessane kring konsesjonslovene for fossekrafta, Jordlova og bureisinga, og Fjellova har alle, av forskjellige observatørar, blitt sett i samband både med det nasjonsbyggande sosialliberale Venstreprosjektet på tidleg 1900-tal, og som forløparar og bruer over til den seinare sosialdemokratiske orden (Almås, 2002; Angel, 2009; Randen, 2002; Slagstad, 1998). Samla sett må me også kunna seia at alle desse prosessane og lovane kan sjåast som uttrykk for det me kan kalla den norske «grunnrentemoderniteten». Her må det sentrale vera ei politisk og sosial bevist bruk og regulering av grunnrenta frå dei norske naturressursane, som i stor grad låg i utmarka. Dei verdiane som oppstod frå eigedommen i utmarka vart altså fanga eller fordelt i staden for å bli akkumulert på få hender. Samstundes vart dei faktiske eigedomsressursane fordelte via bureising og fjellov.

Dette kan me setja i samanheng med den særeigne norske nasjonsbygginga frå 1814 av. Mange forskarar har peika på denne utviklinga som ei unik blanding av demokrati og teknokrati, av sentralstyre og folkelege motkulturar (Almås, 2002; Furre, 1991; Nordby, 1991; Sejersted, 2002; Slagstad, 1998). Nyleg har sosiologen Svein Hammer formulert dette slik:

Bøndernes inntog i det politiske liv var en spesifikk norsk hendelse, og bondesamfunnets sosiale organisering ble skrevet inn i en nasjonal selvbevissthet med vekt på egalitær samfunnsstruktur. Senere ble disse impulsene videreført gjennom venstrebevegelsesopplyste folkelighet, forankret i en flora av organisasjoner og foreninger ... de styrende elitene endte med å dele styringsmakten med en folkelig motelite (Hammer, 2020, s. 51).

Viktig her er den rolla som motkulturane i periferiane hadde i utforminga av den rådande styringsideologien. Når Noreg var eit land kor 95 prosent av arealet bestod av utmark, så er det ikkje unaturleg at den demokratisk/egalitære impulsen slo ut i politikk som direkte og indirekte søkte å forvalta nettopp grunnrenta frå desse ressursane til fellesskapets gode via konsesjonslover, fjellov, bureising og Jordlova. Trass i tidvis stor polarisering, særleg i mellomkrigstida, enda politikken likevel opp i kriseforliket og hovudavtala i 1935, i eit berande kompromiss mellom arbeid og kapital, og mellom sentrum og periferi (Hammer, 2020; Vik et al., 2022). Det er ikkje unaturleg å sjå forvaltninga av grunnrenta i utmarka som eit ledd i dette kompromisset.

Allereie for meir enn hundre år sidan peika Wilhelm Keilhau (1916.,s. 11) på at teoriane om grunnrente heilt sidan starten hadde handla om «forholdet mellem by og land». Det handlar om kor verdiar kjem frå og kven som får dei. Grunnrenta hang i utgangspunktet saman med økonomien «på landet», der folk levde av naturressursane. I det periferidominerte utmarkslandet Noreg fekk det kanskje særleg stor betydning at grunnrenta frå naturressursane i distrikta kom både innbyggjarane i kommunar og grender til gode på forskjellige vis gjennom konsesjonslovene for fossefalla, gjennom Jordlova, bureisinga og Fjellova. Noko av årsaka til at det vart slik, kan truleg tilskrivast samspelet mellom motkulturane i periferiane og elitane i sentrum (Fuglestad, 2021; Vike, 2012). Når kapitalen skulle regulerast og landet moderniserst, sørgja dynamikken mellom desse gruppene for at internasjonal grunnrentefilosofi i tradisjonen frå Henry George vart kledd i norsk drakt som var tilpassa den norske konteksten, og som bidrog til den demokratiske kapitalismen vår. Ikkje berre skapte dette grunnlag for lokalsamfunn kringom i heile landet, vera det seg kraftbyar som Odda eller Rjukan, bureisingsbygder som Nerskogen eller Dvergsdalen, eller forskjellige typar allmenningar i utmarka, det gav også grunnlag for eit langsiktig nasjonaløkonomisk inntektsregime via fossefalla. Dette må kunna sjåast som eit grunnlag for sosial berekraft i form av ei meir eller mindre rettferdig fordeling av ressursane frå utmarka til kommunar og folk som var knyta til utmarka. Det vart ikkje ei utplyndring av ressursane frå verken store selskap eller sentrale elitar.

Det er sjølvstøtt viktig at grunnrenta som kjem frå utmarka faktisk kjem kommunane eller folka som har tilknytning til utmarka til gode, og at dette også blir gjort klart. Åm (2021) har nyleg vist at skatt på grunnrente i oppdrettsnæringa delvis ikkje vann fram i 2019 fordi næringsinteressene framstilte saka som ei konflikt mellom sentrum og periferi, der det skulle vera sentrumsmakta som ville sitja att med grunnrenta. Når regjeringa no seier at dei skal innføra ein slik skatt både for oppdrett og vindkraft på land, ser me på nytt mykje av den same argumentasjonen (Skjelvik et al., 2022). Det kan då vera eit viktig poeng å visa til tradisjonen me har for deling av grunnrenta. Grunnrente har heilt klart ein sentrum-periferi dimensjon, men denne ligg nettopp i at verdiane frå ressursane i periferien kjem kommunane og folka i periferien til gode, og ikkje berre blir att hjå nokre få eigarar. Som Vik et al. (2020) har føreslått, kan til dømes grunnrente i form av superprofitt delast mellom kommunane der ressursane ligg, staten, og eit fond som fordelar verdiar til distriktkommunar utan ressursar som gir grunnrente i form av superprofitt.

Forvaltning av grunnrenta i utmarka: Kan det gi sosial berekraft?

Berre den fotosyntesebaserte verdiskapinga frå utmarka (utanom oppdrett) er nyleg rekna til 6 milliardar kroner (Strand, 2021). Greaker og Lindholt (2022) har også vist at grunnrenta frå utmarksressursane har vore betydeleg dei siste 40 åra, og at grunnrenteverdien frå utmarksressursane er meir enn 60 milliardar høgare i dag enn kva han var i starten av denne førtiårsperioden. På det høgste, i 2018, var til dømes grunnrenteverdien av vasskrafta 37 milliardar kroner, medan grunnrenteverdien for akvakultur (der oppdrett av laks og aure står for 90 prosent av verdien) var 17 milliardar i 2019 (Greaker & Lindholt, 2022). Ein relativt ny masteroppgåve har rekna ut at dersom same grunnrenteskatt som for vasskraft blir teke inn på vindkraft, vil grunnrenteinntektene kunna utgjera 513 millionar i året (Borkenhagen, 2021). Det er viktig å ha desse potensielle marknadsvardiane i mente, men, også ei brei forståing av grunnrente som den ibuande verdien frå naturressursane bør understrekast. På denne måten kan me leggja eit breitt, teoretiske fundamentet for ei sosialt berekraftig (rettferdig) fordeling av desse ressursane i alle sine former, til kommune, fylke eller stat, eller ein kombinasjon av desse.

Grunnrenteperspektivet kan få oss til å anerkjenna og legitimera at verdiane frå naturressursane i utmarka ikkje utelukkande kan gå til store private aktørar som såkalla «value grabbing» (Andreucci et al., 2017) eller «rent extraction» (Stratford, 2020). Slik kan grunnrenta fordelast til kommunar eller stat eller til eksplisitte distriktpolitiske tiltak. Det må her understrekast at den norske utmarka er gjenstand for ei rekke forskjellige eigarskapsformer, så som mellom anna privatallmenningar, vanleg privat eigedom, statleg eller kommunal privat eigedom, statsallmenningar og bygdeallmenningar (Sevatdal, 2017). Som Erling Berge (2006) har peika på, handlar konflikthar i utmarka ofte til sjuande og sist om eigarskapsformer, om kven som skal ha rettar i utmarka, og om kva som er rettferdig fordeling. Frå dei forskjellige eigarskapsorganiseringane vil grunnrente kunna koma til uttrykk på forskjellige måtar. I allmenningane kan fordeling av grunnrenta koma til uttrykt i dei rettane som lokale eller nasjonale borgarar har i dei, medan grunnrenta frå den private eigedommen kan koma som skatt på ein eventuell superprofitt. Grunnrente frå ressursar i statleg, fylkeskommunal eller kommunal eige kan delast på forskjellige vis, anten som ein skatt frå storsamfunnet, eller som deling av rettar og gode til innbyggjarane. For å sitera den gamle grunnrenteavhandlinga til Keilhau: «Problemet er tvedelt: det omfatter baade spørsmål om den verdi som kan tilregnes naturmidlerne, og spørsmål om den verdi som kan tilregnes eiendomsretten til dem» (Keilhau, 1916: s. 272). I utmarka handlar fordeling av grunnrente dimed både om eigedoms og bruksrettar og fordeling av den verdien som kan tilskrivast naturressursane. Naturressursar som gir superprofitt i marknaden er det naturleg å dela via skattlegging, medan naturressursar som ikkje gir slik verdi kan delast via rettigheter til bruk. Uansett handlar det om at alle naturressursar har ein unik verdi som skil seg frå andre varer eller ressursar, og at denne i ei viss grad må sjåast som heile folket sin eigedom. Den sosiale berekraftsdimensjonen her ligg i at verdiar frå utmarka kan brukast til å skapa tenester og infrastruktur til dei som bur der ressursane er, eller i bruksrettar til ressursane. Det bør vera ein open diskusjon om kva for fellesskap me i kvart høve skal ta omsyn til: om det er kommune, fylke eller staten. Og, det må takast omsyn til kva type eigedoms eller bruksretts regime som er gjeldande for dei forskjellige ressursane, og ein diskusjon om korleis grunnrenta skal fordelast: som rettar til bruk eller som profitt via skatt.

Til slutt ein open refleksjon knyta til økologisk økonomi: I dag er det slik at marknadsvardien frå tradisjonell beitebruk, seters- og stølsdrift er svært låg. Men dersom det er slik at naturressursane representerer ein grunnrenteverdi, anten den kjem til uttrykk i markanden eller ikkje, så må me spørja oss kva som er ein rettmessig storleik på denne verdien. Sagt med andre ord; er dei verdiane som den tradisjonelle utmarksbruken representerer sett til ein høg nok eller fornuftig verdi? Maten, naturopplevingane, det biologiske mangfaldet og alle dei andre ringverknadane dette fører med seg, er jo heilt essensielt for oss, likevel verdsett me dette så lite i prisen me betalar for produkta. Kanskje ignorerer me den særeigne verdien som desse naturressursane har. Kven skal i så fall ha rett på desse verdiane? Ligg det til dømes ei skjult grunnrente i dei store overskota som matvarekjedene i dag tener, som skulle lege hjå grunneigarar av utmark eller hjå lokalsamfunn? Kan det å sjå at naturressursane har ein særeigen verdi også gjera at me tek betre vare på naturressursane ved at me i større grad let vera å bygga de ned? Dersom utbyggjarar faktisk må betala for bruken av naturressursane, kan det hende at dei tenkjer seg om før dei set i gang hyttebygging, gruvedrift eller vindkraft.

Avsluttande oppsummering

Utmarksforvaltninga, både på kommunalt, fylke og statleg plan bør byrja tenkja på utmarka som ei samling ressursar som representerer grunnrenteverdiar som høyrer heile folket, men som særleg bør falla til kommunane der ressursane ligg. Dette er relevant når me står ovanfor det grønne skiftet i eit distriktperspektiv. Det grønne skiftet skal gi oss økologisk berekraft ved ny bruk av dei norske utmarksressursane, men me må også sørgja for at dette blir sosialt berekraftig. Viktig då er rettferdig fordeling av verdiane som blir skapte, og høve til å skapa økonomisk levedyktige kommuneøkonomiar, så vel som rettar til bruk av ressursane til lokalbefolkninga. I ei tid der me har hatt fleire distriktsopprør, og der spenninga mellom sentrum og periferi aukar, kan grunnrenta vera eit viktig distriktpolitisk middel som kan gi betre fordeling av økonomiske gode mellom sentrum og periferi. Eit fordelingsprinsipp på grunnrenta kan hjelpa med det, og me har sett at gjennom historia har fordeling av grunnrenta frå utmarka vore med på å skapa den demokratiske og geografisk fordelande kapitalismen som lenge rådde i Noreg, og som me må kunna sei la grunnlag for ei viss sosial berekraft ved å skapa ei meir eller mindre rettferdig fordeling av ressursane. Å ta inn att grunnrenteperspektivet som sentralt i utmarksforvaltninga vil vera heilt naudsynt andsynes potensielt store kapitalinteresser som driv det grønne skiftet. Dette har regjeringa no teke konsekvensane av når dei føreslår grunnrenteskatt på oppdrett og vindkraft på land. Me må ta inn over oss at den norske utmarka i aller høgste grad er ein arena med store høve for akkumulasjon av kapital i det grønne skiftet. Men også ressursar i utmarka som ikkje gjev grunnrente i pengeverdi, er det viktig å ha eit fordelingsperspektiv på. Det må takast omsyn til dei forskjellige eigarskapsformene som finnast i utmarka, slik at grunnrenta då blir rekna og fordelt på forskjellige måtar. Ei fornuftig fordeling av grunnrenta både som rettigheter og som pengeverdi mellom kommunar, fylke og stat, kan også vera med på å skapa tillit mellom dei rurale periferiane og det politiske sentrum. Til sist må nemnast at eit grunnrenteperspektiv på utmarksressursane kan hjelpa oss å få auge på den særeigen verdien som alle naturressursar har, anten denne kjem til uttrykk i marknaden, eller ei. Dette kan bli ein inngang til å verdsetja naturen på ein måte som også er meir økologisk berekraftig.

Litteratur

- Aasjord, B. (2020). Den tause ulikheten, s 104-126, i Almås, R og Fuglestad, E.M (red) *Distriktsopprør: periferien på nytt i sentrum*. Dreyer. Oslo.
- Almås, R (2002). *Norsk Landbrukshistorie: frå bondesamfunn til bioøkonomi*. Samlaget. Oslo
- Almås, R og Fuglestad, E.M (red) (2020). *Distriktsopprør: periferien på nytt i sentrum*. Dreyer. Oslo.
- Andreucci, D., García-Lamarca, M., Wedekind, J., & Erik Swyngedouw. "Value grabbing": a political ecology of rent (2017). *Capitalism Nature Socialism*. Vol 28. Issue 3. <https://doi.org/10.1080/10455752.2016.1278027>
- Angel, S (2009). Retten til land, vatn og vilt. Framveksten av eit ressursforvaltningssystem for norske høg fjellsområd. *Historisk Tidsskrift*. Bind 88, s. 429–452 <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2944-2009-03-03>
- Berge, E (2006). Protected areas and traditional commons: values and institutions. *Norsk geografisk Tidsskrift*. Vol 60. Pp 65-76 <https://doi.org/10.1080/00291950600548907>
- Blaug, M. (2000). «Henry George: Rebel with a Cause». *The European Journal of History of Economic Thought*, 7(2): 270–288 <https://doi.org/10.1080/096725600361816>
- Borkenhagen, S (2021). Taxation of wind power in Norway : an analysis of possible effects of taxation on resource rent and environmental damages from Norwegian wind power plants. Masteroppgåve. NMBU.
- Brigham, A.M., og J.W. Moses (2021). Den nye oljen. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*, 37(1): 4–25. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2936-2021-01-01>
- Brox, O. (1989). *Kan bygdenæringene bli lønnsomme?* Gyldendal Norsk Forlag. Oslo.
- Brox, O. (2016). En særnorsk vei til velstand - om hvordan naturforhold, småbrukene og allmenningen var avgjørende for moderniseringen av Norge. *Nytt Norsk Tidsskrift*. Vol 33 (3) <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3053-2016-03-05>

Cyzewski, B & Polcyn, J. (2016). The Paradigm of Sustainable Agriculture – Land Rent Versus Political Rent, s 17-59, i Cyzewski, B (ed). *Political rents of European farmers in the sustainable development paradigm: international, national and regional perspective*. Polish Scientific Publishers PWN, Warszawa.

Dugstad, K., A.R. Sanders, P. Thonstad Sandvik og E. Storli (2016). Dealing with Globalisation: The Nordic Countries and Inward FDI, 1900–1939. *Business History*, 58(8): 1210–1235. <https://doi.org/10.1080/00076791.2016.1172568>

Eizenberg, E., & Jabareen, Y. (2017). Social Sustainability: A New Conceptual Framework. *Sustainability*, 9(1), 68 <https://doi.org/10.3390/su9010068>

Feola, G. (2020). Capitalism in sustainability transitions research: Time for a critical turn? *Environmental innovation and societal transitions* (vol 35) <https://doi.org/10.1016/j.eist.2019.02.005>

Flemsæter, F og Flø, B, E. (red) (2021). *Utmark i Endring*. Cappelen Damm. Oslo.

Flø, B.E. (2018). Av svik kom mistru sigande. *Samtiden*, 128(1): 54–61 <https://doi.org/10.18261/ISSN1890-0690-2018-01-09>

Flø, B. E (2021). Mot ei framtid for utmarksbeite – om beiting, sjølvkjensle og forståing mellom folk, s 67-92, i Flemsæter, F og Flø, B,E. (red) *Utmark i Endring*. Cappelen Damm. Oslo.

Flø, B.E (2020). Kjennsla av ran, s 35-53, i Almås, R og Fuglestad, E.M (red) *Distriktsopprør: periferien på nytt i sentrum*. Dreyer. Oslo.

Fuglestad, E.M og Almås, R (2021). Tilbake til grunnrentelandet: ei idehistorisk utgreiing om grunnrenteskatt som prinsipp. *Nytt Norsk tidsskrift*. Vol 38 (3) <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3053-2021-03-04>

Fuglestad, E.M (2021). Den siste bondestudenten og slutten på den nasjonale draumen. Arr – idehistorisk tidsskrift. nr 1, 2021

Furre, B (1991). *Vårt hundreår: Norsk historie 1905-1990*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Gomez-Baggethun, E., og J.M. Naredo (2015). In Search of Lost Time: The Rise and Fall of Limits to Growth in International Sustainability Policy. *Sustainability Science*, 10(3): 385–395 <https://doi.org/10.1007/s11625-015-0308-6>

Greaaker, M og Lindholt, L (2022). Ressursrenten i naturressursnæringene i Norge 1984-2021. SSB.

Hale, J., Legun, K., Campbell, H., & Carolan, M. (2019). Social sustainability indicators as performance. *Geoforum*, 103, 47–55 <https://doi.org/10.1016/j.geoforum.2019.03.008>

Hammer, S. (2020). *Sosialdemokrati vs Nyliberalisme: norsk styringskunst og samfunnsforming 1814-2020*. Solum bokvennen.

Hobsbawm, E. (1978). *Kapitalens tidsalder*. Pax forlag. Oslo.

Holden, E og Linnerud, K (2021). *Bærekraftig utvikling: en ide om rettferdighet*. Universitetsforlaget. Oslo.

Hostad Løding, T (2017). Arvesølvets verdi – den historiske transformasjonen av vannkraftforvaltningens legitimering. *Tidsskrift for samfunnsvitenskap*. Årgang 58, Nr 4. S367-388. DOI: 10.18261/ISSN.1504-291X-2017-04-01

Keilhau, W. (1916). *Grundrentelæren*. Kristiania: Aschehoug.

Langeland, N (2021). Aksjelova av 1910: Freistnaden på å organisere norsk kapitalisme. *Historisk tidsskrift* vol 100. issue 1 pp 22-35 <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2944-2021-01-03>

Marx, K. (2021 [1867]). *kapitalen: kritikk av den politiske økonomien. Første bok*. Forlaget oktober. Oslo.

Mau, S. (2021). *Stum Tvang: en marxistisk undersøgelse af kapitalismens økonomiske magt*. Forlaget Klim. Aarhus.

Mazzucato, M (2018). *The value of everything: making and taking in the global economy*. Public Affairs, New York.

Nordby, T. (1991). *Det moderne gjennombruddet i bondesamfunnet: Norge 1870-1920*. Oslo: Universitetsforlaget.

NOU 2012: 9 Energiutredningen – verdiskaping, forsyningsikkerhet og miljø. [NOU 2012: 9 \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

Otte, P., K. Rønningen og E. Moe (2018). Contested Wind Energy: Discourses on Energy Impacts and Their Significance for Energy Justice in Fosen, i A. Szolucha (red.), *Energy, Resource Extraction and Society: Impact and Contested Futures*, s. 140–159. New York: Routledge.

-
- Purvis, B., Mao, Y., & Robinson, D. (2019). Three pillars of sustainability: In search of conceptual origins. *Sustainability Science*, 14(3), 681–695 <https://doi.org/10.1007/s11625-018-0627-5>
- Ramirez, M. (2009). Marx's Theory of Ground Rent: A Critical Assessment. *Contributions to Political Economy*, 28(1): 71–91 <https://doi.org/10.1093/cpe/bzp001>
- Randen, O. (2002). *Brøyte seg rydning: bureising og bureisarliv*. Boksmia
- Regjeringen.no (2022). [Overskuddene fra naturressursene skal fordeles bedre - regjeringen.no](#) lasta ned 28.10.2022.
- Ricardo, D. (2001 [1817]). *The Principles of Political Economy and Taxation*. Kitchener: Batoche Books.
- Sejersted, F. (2002). *Demokratisk Kapitalisme*. Oslo: Pax.
- Sevatdal, H. (2017). *Eigedomshistorie: hovedlinjer i norsk eigedomshistorie frå 1600-talet fram mot nåtida* (Per Kåre Sky and Erling Berge). Universitetsforlaget, Oslo.
- Skjelvik, S., Johansen, B., Rønning, M., Solheim, u., Bjelland E. (2022). [Grunnrenteskatten: – Setter tusenvis av arbeidsplasser i fare – NRK Nordland](#) lasta ned 31.10.2022.
- Slagstad, R. (1998). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax.
- Strand, G (2021). (red) Verdiskaping i utmark: status og muligheter. Nibio. Rapport 7 (175).
- Stratford, B (2020). The Threat of Rent Extraction in a Resource-constrained Future. *Ecological economics*. Vol 169. <https://doi.org/10.1016/j.ecolecon.2019.106524>
- Teigen, H. (2020). Distriktpolitikens historie: frå nasjonsbygging til distriktsopprør, s 127-147 i Almås, R og Fuglestad, E.M (red) *Distriktsopprør: periferien på nytt i sentrum*. Dreyer. Oslo.
- Thue, L. (2003). *For egen kraft: Kraftkommunene og det norske kraftregimet 1887-2003*. Oslo: Abstrakt.
- Vatn, A. (2021). *Bærekraftig økonomi: innsikt fra økologisk og institusjonell økonomi*. Fagbokforlaget. Bergen.
- Vik, J. (2020). jordbrukspolitikken som ondarta problem – og motor for missnøye, 168-194, i Almås, R og Fuglestad, E.M *Distriktsopprør: periferien på nytt i sentrum*. Dreyer. Oslo.
- Vik, J., Almås, R., Flø, B.E & Fuglestad, E.M. (2020). Periferiens politiske økonomi i sentrum: nokre refleksjonar, s 195-214, i Almås, R og Fuglestad, E.M *Distriktsopprør: periferien på nytt i sentrum*. Dreyer. Oslo.
- Vik, J, Fuglestad, E.M, og E, Øversveen (2022). Centre-periphery conflicts and alienation in a resource-based economy. *Norsk Geografisk Tidsskrift* 76:4. <https://doi.org/10.1080/00291951.2022.2111270>
- Vike, H (2012). Varianter av vest-europeiske statsformasjoner – Utkast til en historisk antropologi. *Norsk antropologisk tidsskrift* 23:2. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2898-2012-02-02>
- Vikse, O. (1976). *Jord – Skatt – Rettferd: Georgismen i norsk samfunnsdebatt 1885-1909*. Bergen.
- Zahl-Thanem, A, Burton, R, Haugen, M, Blekesaune, A og Rønningen, K. (2020). The impact of wolves on psychological distress among farmers in Norway. *Journal of Rural studies*. Vol 78. 1-11 [10.1016/j.jrurstud.2020.05.010](https://doi.org/10.1016/j.jrurstud.2020.05.010)
- Åm, H. (2021). A critical policy study on why introducing resource rent taxation in Norwegian salmon aquaculture failed. *Marine Policy*. Vol 131. <https://doi.org/10.1016/j.marpol.2021.104692>